Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Akershus

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Setskog

Emne: Folkelege Musikkinstrument.

Bygdelag: Sørskogen

Oppskr. av: Johan Grjasdtr

Gard: Kinnestad

(adresse): Setskog

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Nils Skjeggenes på Kinnestad.

SVAR

1. Lur ta orebork.

2. Halmpiper, stråpiper o. s. v

3 Nei

4. a „Kólasmell", b. smelle ein pose fylt med luft. c. Svepesmell. d. „Påskesmell", skremme påskekjerringa. Til påskesmell kunne de au bruke kólasmell, legge glór på et hardt underlag og slå til. De bruker å skyte når det er bróllopp.

Nei.

5. Nei

7600

Setskog 1/8-55.

Til Norsk Etnologisk Gransking,




Spørreliste nr. 6 :Lur av orebark.

Eg har ikkje fått tak i nokon lur av orebork,men eg kan fortelja korleis dei laga luren.

Den kunne vera ca 7o-8o cm lang. I grøvste enden kunne den ha eit tverrmål på ca lo cm og i grannaste enden eit tverrmål omlag som ein toøring,seier Nils Skjeggenes.

Når ein skulle laga lur av orebark,måtte ein finna seg ein kvistfri orestomn (legg),og det måtte vera i sevjetida om våren.

Så byrja ein å skjera ein lang,samanhangande strimmel,ca 8-lo cm brei til å byrja med,men breidda tok litt av mot andre enden. Når strimmelen utan brest og sprunge var tilskoren,tok ein til å reiva borken i ring,godt inn på den førre ringen,så den synlege kanten på borken vart som ein lett stigande spiral frå ende til annan.

Nils Skjeggenes,ca 89 år, meiner at det ikkje vart brukt noko samanbindings to til å binda borken i hop,men meiner å hugsa at dei la luren i vatn når han ikkje var i bruk,for at han skulle halda seg tett og god.

Vyrdsamt,

Setskog 1/8-55. Johan Ørjasæter.

11030

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2.50
bet 5/9-55